



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår dato:
08.09.2020

Dykkar dato:
22.06.2020

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Utsett innsyn til statsbudsjettet er offentleg,
jf. offentleglova § 5

Fordeling av skjønnsmidlar til kommunane for 2021

Fordeling av skjønnsmidlane

Vi viser til brev datert 22. juni 2020 og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Fylkesmannen fordelt ramma slik:

Kommunenr.	Kommune	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2021	2020	
4601	Bergen	14 600	16 000	-1 400
4602	Kinn	11 400	12 900	-1 500
4611	Etne	2 600	3 300	-700
4612	Sveio	2 800	3 400	-600
4613	Bømlo	5 600	7 100	-1 500
4614	Stord	2 200	2 200	-
4615	Fitjar	3 000	3 300	-300
4616	Tysnes	2 500	3 000	-500
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	4 100	4 100	-
4619	Eidfjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 500	6 800	-300
4622	Kvam	5 000	6 300	-1 300
4623	Samnanger	1 900	2 200	-300
4624	Bjørnafjorden	5 500	5 900	-400
4625	Austevoll	1 000	1 300	-300
4626	Øygarden	3 100	3 100	-
4627	Askøy	1 600	1 800	-200
4628	Vaksdal	700	800	-100
4629	Modalen	-	-	-



Kommunenr.	Kommune	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2021	2020	
4630	Osterøy	3 800	3 800	-
4631	Alver	7 000	7 300	-300
4632	Austrheim	1 900	2 000	-100
4633	Fedje	1 200	1 300	-100
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 400	1 500	-100
4637	Hyllestad	1 300	1 300	-
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	5 700	6 500	-800
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	1 200	1 300	-100
4646	Fjaler	1 500	1 600	-100
4647	Sunnfjord	12 100	13 000	-900
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	2 500	2 500	-
4650	Gloppen	800	600	+200
4651	Stryn	500	-	+500
Til fordeling i budsjettåret		30 000	36 800	-6 800
SUM		145 000	163 000	-18 000

Fylkesmannen har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt brev om fylkesvise skjønnsrammer med retningslinjer, datert 22.06.2020
- kommuneopposisjonen for 2021
- søknader/inngspel frå kommunane
- eigne vurderingar og overordna økonomisk analysar av den enkelte kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønnsmidlar til kommunane redusert med 100 mill. kroner samanlikna med 2020 (11,8 prosent). Reduksjonen er overført til innbyggartilskotet i inntektssystemet. Ramma til Vestland er 145 mill. kroner, ein reduksjon på 18 mill. kroner (11 prosent) frå 2020. Fordeling av skjønnsmidlar i 2020 var første året med ein samla prosess i Vestland, og dette er vidareført i 2021 med ein heilskapleg vurdering som grunnlag i fordelinga til kommunane. For at det ikkje skal bli for store endringar frå eitt år til neste, legg Fylkesmannen opp til å bruke nokre år på ei slik heilskapleg fordeling mellom kommunane.

Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønnsmidlar

Fylkesmannen har gjort ei overordna fordeling av skjønnsmidlane mellom ordinært skjønn i statsbudsjettet, fornyings- og innovasjonsprosjekt og til fordeling i budsjettåret:



tal i 1000 kr	2020
Ordinære gjennom statsbudsjettet	115 000
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	15 000
Midlar til fordeling i budsjettåret	15 000
Sum	145 000

Midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt og fordeling i budsjettåret er førebelse rammer, og det kan i budsjettåret verte endringar mellom desse rammene. Samanlikna med 2020, er reduksjonen for ordinære skjønnsmidlar fordelt gjennom statsbudsjettet på 11,2 mill. kroner, eller 9 prosent. Det er difor vanskeleg å auke opp skjønnsmidlar for enkeltkommunar som dokumenterer at det er behov for det. Ramma for midlar til fordeling i budsjettåret er på same nivå som i 2020. Dette er m.a. fordi det per tidspunktet for fordelinga, er uvisse knytt til endelege inntektsoverføringer til nye kommunar. Informasjon om midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt blir lagt ut på fylkesmannens nettside og sendt brev til kommunane, med søknadsfrist 1. mars 2021.

Retningslinjer og omsyn som er lagt til grunn i fordelinga

I brevet frå departementet til fylkesmennene er det presisert at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnsramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Fylkesmannen skal gjere ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov. Det er vist til at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

I tillegg til nemnde overordna retningslinjer frå departementet har Fylkesmannen vurdert følgjande omsyn saman med den skjønnsmessige vurderinga:

- Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift

Ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift (DAA) vart innført i 2004. I 2007 var det gjennomført ein revisjon av ordninga, og mange av kommunane fekk etter dette redusert avgiftssats. Etter revisjonen fall kompensasjonen med skjønnsmidlar bort for kommunar som fekk redusert avgiftssats. Men i Vestland har seks kommunar framleis ein høgare avgiftssats (14,1 % etter sone 1a). Dette gjeld tidlegare Flora i Kinn kommune, Etne, Bømlo, Kvam, gamle Sogndal i Sogndal kommune og tidlegare Førde i Sunnfjord kommune. Neste revisjon av ordninga skal gjelde frå 2022, difor får kommunar som har slått seg saman uendra avgiftssoner i 2021. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift var fram til 2014 skilt ut som eige beløp i skjønnsramma frå departementet. Frå 2015 vart kompensasjonen lagt inn i basisramma, og dermed ikkje synleg som eige beløp. Fylkesmannen har likevel valt å bruke auka sats for arbeidsgjevaravgift som eit kriterium for skjønnsmidlar, men gjennom ei årleg nedtrapping på 10 prosent frå 2015/2016. Etter retningslinjene frå departementet bør kompensasjonen no raskt trappast ned. Men behovet for skjønnsmidlar til dette føremålet bør vurderast nøyne i ei heilskaplege vurdering for kvar av kommunane dette gjeld for. Fylkesmannen legg opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024), med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For kommunane som vart ført tilbake til sone 2 frå 2014, er kompensasjonen avslutta i 2020 slik som tidlegare planlagt. Kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift er nærmare omtalt under kvar kommune.



- Sosiale kriterium
 - kommunar som har høge utgifter (høg eigendel per innbyggjar) knytte til særleg ressurskrevjande tenester
 - kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon (Robek-kommunar med og andre)
- Kommunane sitt utgiftsbehov (vurdert opp mot utgiftsutjamninga i inntektssystemet)
 - spreidd busetnad
 - utgifter knytte opp til å vere eit senter i regionen
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
- Midlertidige behov (ikkje registrert dette for 2021)
- Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon
 - utvikling av folketalet over tid (reduksjon i folketalet krev omstillingar/tilpassingar etter reduserte inntektsoverføringer)
 - frie inntekter i 2019 korrigerte for variasjon i utgiftsbehov (ser på utgifts- og inntektssida samla, som viser om kommunen er betre/dårlegare finansiert enn gjennomsnittet (100) ut i frå utgiftsbehovet).
 - høge inntekter, t.d. frå kraftverksemder og Havbruksfondet (gjennom 2020 har det vore større nedgang i inntekter for fleire kraftkommunar, men utviklinga må sjåast på over lengre tid for ev. å vurdere skjønnsmidlar til slike kommunar)
 - tildelinga skal vere føreseieleg frå år til år (t.d. ei nedtrapping skjer over tid).

Vurdering av kvar kommune i tildelinga

Under følgjer informasjon om ei overordna vurdering for kvar kommune som ligg til grunn for tildeling av ordinære skjønnsmidlar.

4601 Bergen

Dei store byane har opphoping av levekårsutfordringar, blant anna knytte til rus og psykiatri. Utgiftene til sosialhjelp er høge. Kommunen har vist til at inntektssystemet ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp at desse utgiftene er høgare for ein storby som Bergen enn for gjennomsnittet av kommunane. I kommuneproposisjonen for 2018 og 2019 var det uttrykt eit ønskje om å etablera eit eige kriterium i utgiftsutjamninga som betre fangar opp variasjonane mellom kommunane sine utgifter til sosialhjelp og barnevern. Det er venta at dette no vert med i gjennomgangen av inntektssystemet. Kommunen arbeider med å betre oppvekstvilkåra for barn og unge i område som har opphoping av levekårsproblem. Arbeidet er i stor grad knytt til skule og utdanning, i tillegg til nærmiljø og byutvikling. Kommunen gjennomfører fleire tiltak mot rusmisbruk. Fri inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 100, tilsvarende som landsgjennomsnittet. Bergen kommune har god overordna økonomi, frie driftsfond samanlikna med driftsinntektene ligg på landsgjennomsnittet og lånegjelda ligg ein god del under gjennomsnittet for landet. Skjønnsmidlar er redusert tilsvarende den generelle reduksjonen.

4602 Kinn

Samanlikna med landet har dei to tidlegare kommunane Flora og Vågsøy hatt svak folketalsutvikling dei seinare år. Kommunen har ekstra utgifter til klassar med språkdeling (nynorsk-bokmål). Tidlegare Flora får kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Som skrive under vurdering av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, blir det lagt opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024) med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For Kinn blir kompensasjonen 6,3 mill. i 2021, mot 8,4 mill. i 2020. Kommunen får utbetalt midlar frå



Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov var for Flora 103 og Vågsøy 100, mot eit landsgjennomsnitt på 100. Kinn kommune har svak økonomi, med små reserver gjennom frie driftsfond under tilrådd norm og høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. I samla vurdering er det lagt vekt på midlar frå Havbruksfondet, grensejustering for området Bryggja, organisering av ny kommune med økonomiske utfordringar, differensiert arbeidsgjevaravgift, spreidd busetnad og skyss av helsepersonell. Samla vurdering gjev ein reduksjon som er lågare enn nedtrappinga av kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift.

4611 Etne

Kommunen har i dei seinare år hatt svak folketalsutvikling. Kommunen har utfordringar med trafikksikring langs dei smale vegane i kommunen. Dei lange tunnelane langs E134 i Åkrafjorden gir ekstra utgifter til brannberedskap. Til liks med mange andre kommunar har og Etne utfordringar med å rekruttere fagfolk, særleg sjukepleiarar. Det er nyleg gjennomført ei betydeleg investering i nytt omsorgssenter. Etne får kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Som skrive under vurdering av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, blir det lagt opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024) med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For Etne blir kompensasjonen 1,4 mill. i 2021, mot 1,9 mill. i 2020. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 103. Kommunen har god overordna økonomi, med frie driftsfond over landsgjennomsnittet og lånegjelda målt etter driftsinntektene er låg samanlikna med landsgjennomsnittet. Samla vurdering gjev ein mindre reduksjon utover nedtrappinga av kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift.

4612 Sveio

Kommunen har hatt god folkevekst over ein lang periode, særleg stor vekst i talet på barn i skulepliktig alder og det er difor gjennomført større investeringar i skulesektoren. Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Den undersjøiske tunnelen til Stord er krevjande med omsyn til beredskap. Kommunen har mange vegar som er vurderte som trafikkfarlege. Det fører til store utgifter til skyss av skuleborn. Kommunen har vist til at det er mange funksjonshemma brukarar, og tenesteomfanget aukar som følgje av at dei blir eldre. Utrekning syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar, basert på rapportering for 2019. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 93, landsgjennomsnittet 100. Kommunen har god overordna økonomi, med frie driftsfond over landsgjennomsnittet og lånegjelda målt etter driftsinntektene er under landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette ein større reduksjon enn den generelle reduksjonen.

4613 Bømlo

Bømlo har over tid hatt ei middels til god folketalsutvikling. Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU-reforma med relativt mange ressurskrevjande brukarar, og har difor høge utgifter knytte til ressurskrevjande tenester målt etter eigendel per innbyggjar. Bømlo får kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Som skrive under vurdering av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, blir det lagt opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024) med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For Bømlo blir kompensasjonen 3,7 mill. i 2021, mot 5 mill. i 2020. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 97, landsgjennomsnittet 100. Kommunen har middels/god overordna økonomi, med tilfredsstillande frie driftsfond og lånegjelda målt etter driftsinntektene ligg under landsgjennomsnittet. Samla gjev dette ein mindre reduksjon utover nedtrapping av kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift.



4614 Stord

Stord har over tid hatt eit stabilt folketal, der utviklinga er vesentleg under landsgjennomsnittet. Kommunen er eit regionsenter i Sunnhordland, og har mange gjestearbeidarar og studentar. Det er også relativt mange personar med særlege sosiale utfordringar som kjem til kommunen, og har etter det høge utgifter knytte til rusomsorg. Utrekning syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar, basert på rapportering for 2019. Fleire psykisk utviklingshemma, som ikkje lenger kjem inn under den øyremerkte tilskotsordninga, får auka behov for kommunen sine tenester som følgje av høg alder. Kommunen har høg arbeidsløyse på bakgrunn av situasjonen i oljenæringa. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 95, landsgjennomsnittet 100. Kommunen har svak overordna økonomi, med låge frie driftsfond og høg gjeld. Samla vurdering gjev uendra skjønnsmidlar.

4615 Fitjar

Fitjar har over tid hatt ei middels til god folketalsutvikling, men ein nedgang for det siste året. Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar, og har etter rapportering for 2019 høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar. Kommunen har også hatt auke i andre utgifter, til dømes økonomisk sosialhjelp, barnevernstenesta, fastlege m.v. Kommunen har i dei siste åra fått auka inntekter frå eigedomsskatt som følgje av utbygging av vindmøller. I 2020 får kommunen ikkje småkommunetilskot fordi folketalet per 01.01.2019 var over 3200. Kommunen hadde per 01.01.2020 på ny under 3200 innbyggjarar, slik at kommunen vil få tilbake småkommunetillegget i 2021 (50 prosent av fullt tilskot etter distriktsindeksen). Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 103, landsgjennomsnittet 100. Kommunen har god overordna økonomi med frie driftsfond på landsgjennomsnittet og lånegjeld under gjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Men kommunen melder om større økonomiske utfordringar framover, særleg innanfor helse og sosial. Samla vurdering gjev ein reduksjon tilsvarende den generelle reduksjonen.

4616 Tysnes

Tysnes har over tid hatt ei middels til god folketalsutvikling, med ein sterk vekst det siste året. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar, basert på rapporteringa for 2019. Kommunen vart i 2014 ført tilbake frå sone 1a til 2 for arbeidsgjevaravgift (lågare sats), og har fått skjønnskompensasjon med nedtrapping over fem år etter at kommunen fekk trekk i rammetilskotet for endringa i 2014. Som planlagt var 2020 siste året med kompensasjon. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruk) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 106, landsgjennomsnittet 100. Kommunen har god overordna økonomi, med frie driftsfond over landsgjennomsnittet og målt etter driftsinntektene er lånegjelda låg. Samla vurdert gjev dette ein større reduksjon enn den generelle reduksjonen.

4617 Kvinnherad

Kommunen har hatt svak folketalsutvikling i dei seinare år. Kvinnherad vart i 2014 ført tilbake frå sone 1a til 2 for arbeidsgjevaravgift (lågare sats), og har fått kompensasjon med nedtrapping over fem år etter at kommunen fekk trekk i rammetilskotet for denne endringa. Som planlagt var 2020 siste året med kompensasjon. Kommunen har mange brukarar under ressurskrevjande tenester, og såleis høge utgifter (eigendel) etter folketalet. Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg, andre inntekter frå kraftverksemde og utbetalingar frå Havbruksfondet. Dette gjev seg utslag i frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov, som i 2019 var 109 mot landsgjennomsnittet på 100. Med bakgrunn av høge inntekter får ikkje kommunen skjønnstilskot.



4618 Ullensvang

Samla sett har dei tre kommunane som slo seg saman til Ullensvang kommune over tid hatt ei negativ utvikling i folketalet, særleg Odda og gamle Ullensvang. Sjølv om ny kommune ser ut til å få redusert inntektsutjamning i samband med kommunesamanslåinga, viser ei samla berekning for inntektssystemet ei mindre endring for Ullensvang kommune. Tidlegare Jondal vart i 2014 ført tilbake frå sone 1a til 2 for arbeidsgjevaravgift (lågare sats), og har fått kompensasjon med nedtrapping over fem år etter at kommunen fekk trekk i rammetilskotet for denne endringa. Som planlagt var 2020 siste året med kompensasjon. Jondal har fått utbetalingar frå Havbruksfondet, og den nye kommunen får inntekter frå kraftverksemd. Utrekningar for 2019 viser at dei tre tidlegare kommunane har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for dei tidlegare kommunane; Odda 137, Ullensvang 122 og Jondal 123, mot landsgjennomsnittet på 100. Overordna økonomi for dei tre kommunane var middels/god ved inngangen til ny kommune, med tilfredsstillande frie driftsfond og ei lånegjeld under landsgjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Men kommunen har utfordringar med å skaffe balanse frå 2020. Samla vurdert vert det uendra skjønnsmidlar, særleg med bakgrunn i organisering av ny kommune.

4619 Eidfjord

Eidfjord har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har høge kraftinntekter, som forklarar at frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 198, samanlikna med eit landsgjennomsnitt på 100. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar på grunn avr høge inntekter.

4620 Ulvik

Ulvik har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag med inntekter frå vasskraftanlegg. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruk) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 112, landsgjennomsnittet 100. Men kommunen har låge frie driftsfond og ei høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. Fylkesmannen vil ikkje gi skjønnstilskot til kommunen på bakgrunn av eit relativt høgt inntektsnivå.

4621 Voss

Samla (Voss og Granvin) har det nye heradet hatt positiv folketalsutvikling dei seinare åra. Heradet har etter innbyggjartalet mange eldre, og viser til auka utgifter til ressurskrevjande tenester for innbyggjarar over 67 år (blir ikkje omfatta av den statlege tilskotsordninga), auka utgifter til barnevern og ekstra ressursar til spesialpedagogisk støtte i skule og barnehage. Kommunen har mykje kommunal veg per innbyggjar, og med endringar i klimaet fører det til auka vedlikehaldsutgifter. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for dei to tidlegare kommunane; Granvin 112 og Voss 100 mot landsgjennomsnittet på 100. Overordna økonomi for dei to kommunane var middels/god ved inngangen til ny kommune, med tilfredsstillande frie driftsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet. Men kommunen har utfordringar med å skaffe balanse frå 2020. Samla vurdert får kommunen ein mindre reduksjon i skjønnsmidlar.

4622 Kvam

Kvam har over tid hatt ein mindre reduksjon i folketalet, og samansetjinga viser no ein høg prosentdel eldre innbyggjarar. Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU, og har mange ressurskrevjande brukarar. Utrekning syner at kommunen har høg eigenfinansiering av



ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar, basert på rapportering for 2019. Kommunen har ein utfordrande geografi med fleire risikoområde for flaum og ras. Kvam får kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Som skrive under vurdering av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, blir det lagt opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024) med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For Kvam blir kompensasjonen 3,7 mill. i 2021, mot 5 mill. i 2020. Kommunen har kraftinntekter og får midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 114, landsgjennomsnittet 100. Kommunen har tilfredsstillande frie driftsfond, men høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene og viser til ein samla krevjande økonomisk situasjon. Kommunen får reduksjon i skjønnsmidlar tilsvarende nedtrapping av kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift.

4623 Samnanger

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei siste fem år, men likevel noko under landsgjennomsnittet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 108, mot landsgjennomsnittet 100. Samla sett har kommunen ein middels grei økonomi, med frie driftsfond under tilrådd norm og ei lånegjeld på landsgjennomsnittet samanlikna med driftsinntektene. Samla vurdert gjev dette ein noko større reduksjon enn den generelle reduksjonen.

4624 Bjørnafjorden

Samla (Fusa og Os) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling dei seinare åra, men noko lågare vekst det siste året. Tidlegare Fusa hadde i 2019 mange brukarar under ressurskrevjande tenester, og såleis høg eigendel målt etter folketalet. Kommunen er med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenester. Kommunen har meirutgifter til språkdeling (nynorsk-bokmål) i skulen. Fusa har hatt inntekter frå Havbruksfondet, og Bjørnafjorden vil få utbetaling i 2020. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov i 2019 er; Fusa 103 og Os 92, mot landsgjennomsnittet på 100. Bjørnafjorden har høge frie driftsfond, men høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. Kommunen viser til at det er utfordrande å få balanse i drifta med ein nominell nullvekst i frie inntekter frå 2019 til 2020, og må difor gjere større innsparinger i drifta. Samla vurdert får kommunen ein mindre reduksjon i skjønnsmidlar enn den generelle reduksjonen, særleg med bakgrunn organisering av ny kommune.

4625 Austevoll

Austevoll har god folketalsutvikling. Kommunen har høge skatteinntekter, både frå inntekt og formue. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 107, mot landsgjennomsnittet 100. Kommunen har god overordna økonomi med høge frie driftsfond, men lånegjelda samanlikna med driftsinntektene ligg over landsgjennomsnittet. Samla vurdert får kommunen ein større reduksjon enn den generelle reduksjonen.

4626 Øygarden

Samla (Sund, Fjell og Øygarden) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling over fleire år. Olje- og gassindustri lokalisert i kommunen (tidlegare Øygarden kommune) bidreg til høg eideomsskatt. I tidlegare Fjell kommune var det ekstra kostnader til språkdeling som følgje av at mange foreldre vil ha bokmål for borna i skulen. Ny kommune er forventa å få redusert inntektsutjamninga samanlikna med det dei tre tidlegare kommunane samla hadde, og Fylkesmannen vil vurdere særskilt om det er grunnlag for skjønnsmidlar frå midlar som er avsette til fordeling i året. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruk) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Sund 94, Fjell 92 og Øygarden 146, mot eit



landsgjennomsnitt på 100. Overordna økonomi for dei tre kommunane er middels god ved inngangen til ny kommune, men det er utfordringar å skaffe balanse i drifta frå 2020. Samla vurdert vert tildelinga av skjønnsmidlar uendra, særleg med bakgrunn organisering av ny kommune.

4627 Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei ung befolkningssamansetjing. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 90, mot landsgjennomsnittet på 100. Samanlikna med driftsinntektene er frie driftsfond under landsgjennomsnittet og lånegjelda er svært høg etter fleire store investeringar dei seinare åra. Kommunen har no store utfordringar med å tilpassa driftsutgiftene til eit lågare inntektsnivå, m.a. etter at eigedomsskatten vart teken bort frå og med 2019. Ei slik tilpassing av drifta er nødvendig for å unngå at disposisjonsfondet i stor grad blir brukt. Samla vurdert får kommunen skjønnsmidlar tilsvarende den generelle reduksjonen.

4628 Vaksdal

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Den mykje trafikkerte E16 gjennom kommunen krev auka beredskap på grunn av rasfare. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og ligg difor over gjennomsnittet for landet på frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehov, 113 mot landsgjennomsnittet på 100 i 2019. Etter driftsinntektene har Vaksdal høge frie driftsfond som ligg over gjennomsnittet for landet, men også ei lånegjeld som ligg noko over landsgjennomsnittet. Samla vurdert får kommunen skjønnsmidlar tilsvarende den generelle reduksjonen.

4629 Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg og frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov på 197, mot landsgjennomsnittet på 100. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå eit høgt inntektsgrunnlag.

4630 Osterøy

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei seinare år. Osterøy vart innmeldt i Robek-registeret i mars 2020. Etter det har kommunen ein vanskeleg økonomisk situasjon, med ubalanse i økonomiplanen. Kommunen har ein desentralisert struktur med høge utgifter til m.a. heimetenester, skuleskyss og kommunale vegar. Det er fleire privatskular i Osterøy. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 98, mot landsgjennomsnittet på 100. Skjønnsmidlane står uendra ut frå ein vanskeleg økonomi.

4631 Alver

Samla (Meland, Radøy og Lindås) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling. Stor innflytting frå Bergen har ført til behov for språkdeling (nynorsk-bokmål) og ekstra klassar i skulen. Utrekning syner at den nye kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar, basert på rapportering for 2019. Kommunen har høge eigedomsskatteinntekter frå oljeraffineriet på Mongstad. Kommunen får midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Meland 97, Radøy 97 og Lindås 109, mot landsgjennomsnittet på 100. Overordna økonomi for dei tre kommunane er middels ved inngangen til ny kommune med tilfredsstillande frie driftsfond, men lånegjelda målt etter driftsinntektene ligg over landsgjennomsnittet. Budsjett- og økonomiplan for 2020 – 2023 viser at kommunen har utfordringar med å få balanse i drifta. Samla vurdert får kommunen ein mindre reduksjon i skjønnsmidlar, der vi har lagt vekt på organisering av ny kommune.



4632 Austrheim

Austrheim har ei stabil folketalsutvikling. Kommunen hadde ved utgangen av 2019 attst  ande meirforbruk i rekneskapen med om lag 0,9 mill. kroner, og er framleis registrert i Robek. Attst  ande meirforbruk er planlagt dekt inn i 2020. Kommunen m   etter Robek-tida byggje opp eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er p   105, mot landsgjennomsnitt 100. Som Robek-kommune f  r Austrheim berre ein mindre reduksjon i skj  nnsmidlar.

4633 Fedje

Kommunen har over tid hatt ei negativ utvikling i folketalet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er p   117, mot landsgjennomsnittet p   100. Samanlikna med driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande frie driftsfond og l  g l  negjeld. Skj  nnsmidlane er reduserte noko mindre enn den generelle reduksjonen.

4634 Masfjorden

Folketalsutviklinga har vore negativ dei siste fem ?ra. Kommunen har utgifter til ressurskrevjande tenester etter kommunestorleik. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er p   133, mot landsgjennomsnittet p   100. Kommunen har s  leis eit godt inntektsgrunnlag som f  lgje av skatt og avgifter fr   kraftverksemd og havbruk, med l  g l  negjeld og h  ge frie fond samanlikna med driftsinntektene. Med bakgrunn i h  ge inntekter f  r ikkje kommunen skj  nnstilskot.

4635 Gulen

Kommunen har samanlikna med landet hatt ei svak folketalsutvikling dei seinare ?ra. Etter innbyggjartal har kommunen h  ge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen f  r utbetalingar fr   Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er p   120, mot landsgjennomsnittet p   100. Dette gjer m.a. at kommunen har hatt gode ?konomiske resultat dei seinare ?ra, som har gjeve h  ge frie driftsfond samanlikna med driftsinntektene. Etter driftsinntektene har kommunen l  g langsiktig gjeld. Med bakgrunn i h  ge inntekter f  r ikkje kommunen skj  nnstilskot.

4636 Solund

Folketalet i kommunen har vore stabilt i dei siste ?ra, men ein st  rre reduksjon det siste ?ret. Det er gjennomf  rt strukturendringar med sikte p   effektiviseringar for sektorane skule og barnehage. Kommunen f  r utbetalingar fr   Havbruksfondet, som har bidrege til ? styrka kommunen si ?konomiske stilling. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er p   124, mot landsgjennomsnittet p   100. Den ?konomiske stillinga er god med eit relativt stort disposisjonsfond og ei l  negjeld p   landsgjennomsnittet. Solund f  r skj  nnsmidlar p   bakgrunn av spreidd busetnad, skyss av helsepersonell og utgifter til spesielle naturtypar som krev s  rleg oppf  lging. Skj  nnsmidlane er reduserte, men l  gare enn den generelle reduksjonen.

4637 Hyllestad

Kommunen har hatt st  rre reduksjon i folketalsutvikling over tid. Det er gjennomf  rt strukturendringar innan skule og barnehage. ?konomien er etter midlar fr   Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er p   111, mot landsgjennomsnittet p   100. Etter driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande frie driftsfond og ei l  negjeld p   landsgjennomsnittet. Etter samla vurdering er skj  nnsmidlane uendra med bakgrunn i ein vanskeleg ?konomi over tid, spreidd busetnad, utfordringar innan omsorgstenester og svak folketalsutvikling.



4638 Høyanger

Kommunen har hatt reduksjon i folketalet over fleire år. Kommunen har høge kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet, som gjer at frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 149, mot landsgjennomsnitt 100. Etter driftsinntektene har kommunen frie driftsfond på halvparten av landsgjennomsnittet og ei lånegjeld som ligg lett under landsgjennomsnittet. Med bakgrunn i høgt inntektsgrunnlag, får ikkje kommunen skjønnstilskot.

4639 Vik

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Utrekningar etter rapporteringa for 2019 viser at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd. Vik har over ein lang periode i liten grad teke opp andre lån enn det som er knytt til sjølvkostområdet. Bakrunnen for dette er følgjene av Terra-saka, som gjorde det nødvendig å utsetje vedlikehald og investeringar i mange år som Robek-kommune. Kommunen viser difor til eit stort behov for nye investeringar og for å ta opp lån til finansieringa av desse, m.a. er det planlagt utbygging av eit stort omsorgssenter. Utbygginga vil bidra til ei omlegging av drifta, slik at kommunen kan få driftsinnsparinger innan helse- og omsorgs-sektoren. Fri inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 118, mot landsgjennomsnitt 100. Etter driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande frie driftsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet. Etter samla vurdering og høgt inntektsgrunnlag får ikkje kommunen skjønnsmidlar.

4640 Sogndal

Samla (Balestrand, Leikanger og Sogndal) har den nye kommunen hatt ei folketalsutvikling over landsgjennomsnittet. Etter kommunestorleik har tidlegare Balestrand og Leikanger høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester i 2019. Balestrand har fått vertskommunetilskot etter HVPU-reforma, men den nye kommunen opplyser at dette blir mykje redusert for 2021. Tidlegare Sogndal har fått skjønnsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Som skrive under vurdering av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, blir det lagt opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024) med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For Sogndal blir kompensasjonen 3,1 mill. i 2021, mot 4,1 mill. i 2020. Fri inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Sogndal 103, Leikanger 104 og Balestrand 133 samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Den nye kommunen har ein inngang med bra overordna økonomi, med tilfredsstillande frie driftsfond målt etter driftsinntektene og lånegjeld under landsgjennomsnittet. Men kommunen må gjere større innsparingar i drifta for å skaffe balanse. Med bakgrunn i ei samla vurdering gjort ut frå etablering av ny kommune, utgifter til ressurskrevjande tenester og redusert vertskommunetilskot er skjønnsmidlane redusert noko mindre enn nedtrappinga for kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift.

4641 Aurland

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei seinare år. Aurland har etter innbyggjartalet svært høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Høge kraftinntekter gjer at frie inntekter i 2019 korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet ligg på 173, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har god overordna økonomi med høge frie driftsfond og låg lånegjeld. Med bakgrunn i høge inntekter, får ikkje kommunen skjønnstilskot.

4642 Lærdal



Kommunen har hatt nedgang i folketalet dei siste fem åra. Sjølv etter ein reduksjon for dei siste åra, ligg utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester noko over gjennomsnittet målt etter innbyggjartalet. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, som bidreg til at frie inntekter i 2019 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 107 mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har svak overordna økonomi med låge frie driftsfond og høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. Kommunen får ikkje tildeling av skjønnsmidlar ut frå inntektsgrunnlaget.

4643 Årdal

Kommunen har over lang tid hatt ein større reduksjon i folketalet. Etter innbyggjartalet har Årdal høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og derav frie inntekter i 2019 korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet som ligg på 119, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen låge frie driftsfond og ei lånegjeld under landsgjennomsnittet. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

4644 Luster

Kommunen har hatt positiv/stabil folketalsutvikling for dei seinare åra, men lågare enn landsgjennomsnittet. Kommunen har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter i 2019 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov som ligg på 115, mot landsgjennomsnittet på 100. Men kommunen viser til at inntektene går mykje ned i 2020 grunna låge kraftprisar. Kommunen har god overordna økonomi med høge frie driftsfond og lånegjeld under landsgjennomsnittet. Som for tidlegare år, får ikkje kommunen skjønnsmidlar med bakgrunn i eit høgt inntektsgrunnlag.

4645 Askvoll

Kommunen har stabil folketalsutvikling dei seinare åra. Etter innbyggjartalet har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester i 2019. Økonomien har betra seg dei siste åra, særleg etter utbetalingar frå Havbruksfondet. Fri inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjonar i utgiftsbehov er på 99, mot landsgjennomsnitt 100. Fri driftsfond målt etter driftsinntektene ligg på landsgjennomsnittet og lånegjelda er lågare enn gjennomsnittet. Etter dette vert skjønnsmidlane reduserte på nivå med den generelle reduksjonen.

4646 Fjaler

Kommunen har svak nedgang i folketalet for dei siste åra. Etter innbyggjartalet har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester i 2019. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Fri inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjonar i utgiftsbehov er 99, mot landsgjennomsnittet på 100. Samanlikna med driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande med frie driftsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet. Etter dette vertskjønnsmidlane reduserte på nivå med den generelle reduksjonen.

4647 Sunnfjord

Samla (Gaular, Jølster, Førde og Naustdal) har kommunen hatt positiv folketalsutvikling, men under landsgjennomsnittet. For tidlegare Gaular, Jølster og Naustdal er utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester i 2019 høge målt etter tal innbyggjarar. Tidlegare Førde har fått skjønnsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Som skrive under vurdering av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, blir det lagt opp til ei nedtrapping over fire år (fullt fasa ut i 2024) med utgangspunkt i det kommunane fekk kompensert i 2020. For Sunnfjord blir kompensasjonen 4,9 mill. i 2021, mot 6,5 mill. i 2020. Ny kommune er forventa å få redusert inntektsutjamninga samanlikna med det dei fire tidlegare kommunane samla hadde, og Fylkesmannen vil vurdere særskilt om det er grunnlag for skjønnsmidlar frå midlar som er avsette til



fordeling i året. Frie inntekter i 2019 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Gaula 100, Jølster 104, Naustdal 102 og Førde 102 samanlikna med landsgjennomsnittet 100. Den nye kommunen har ein inngang med middels overordna økonomi med tilfredsstillande frie driftsfond målt etter driftsinntektene, men ei lånegjeld som ligg over landsgjennomsnittet. Kommunen må gjere større innsparingar i drifta for å skaffe balanse. Etter ei samla vurdering med vekt på kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, etablering av ny kommune og utgifter til ressurskrevjande tenester, får kommunen ein reduksjon som er lågare enn nedtrappinga av kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift.

4648 Bremanger

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Bremanger har vore Robek-kommune sidan 2008, med akkumulert underskot per 31.12.19 på 9,3 mill. kroner. Kommunen har utfordringar med ubalanse i drifta, som å tilpasse skulestruktur etter behov og inntekter og ei usikker utvikling av verdiar på derivatavtalar. Kommunen har svært høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester målt etter tal innbyggjarar. Kommunen har kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2019 (alt. inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehovet var i 2019 på 124, mot landsgjennomsnittet 100. Ettersom kommunen er i Robek har han ikkje frie driftsfond og lånegjelda ligg mykje under landsgjennomsnittet. Som for tidlegare år får ikke kommunen skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

4649 Stad

Samla (Selje og Eid) har kommunen hatt positiv folketalsutvikling, men under landsgjennomsnittet. Kommunen har etter innbyggjartalet høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Samanlikna med dei to tidlegare kommunane får Stad reduksjonar i rammetilskotet etter kriteria for reiseavstand. Frie inntekter i 2019 korrigert etter variasjonar i utgiftsbehov var 99 for Selje og 97 for Eid, mot eit landsgjennomsnitt på 100. Kommunen har tilfredsstillande med frie driftsfond, men høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. Stad får uendra med skjønnsmidlar med vekt på etablering av ny kommune og utgifter til ressurskrevjande tenester.

4650 Gloppen

Kommunen har positiv folketalsutvikling, men lågare enn landsgjennomsnittet. Etter innbyggjartalet har Gloppen i 2019 høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen fekk utbetalingar frå Havbruksfondet, men vesentleg lågare enn mange andre kommunar som får havbruksmidlar. Frie inntekter i 2019 (alt. inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehovet var på 98, mot landsgjennomsnittet 100. Kommunen har svak overordna økonomi, negativt netto driftsresultat i 2019 og små reservar ved låge frie driftsfond samanlikna med driftsinntektene. Langsiktig gjeld ligg over landsgjennomsnittet målt etter driftsinntekter. Etter dette får kommunen ein auke i skjønnsmidlar.

4651 Stryn

Kommunen har svakt negativ folketalsutvikling gjennom dei siste 5 åra. Stryn vart «ufrivillig åleine» etter kommunereforma (vedtok samanslåing med Hornindal). Frie inntekter (alt. inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehovet var i 2019 på 95, mot landsgjennomsnittet 100. I vurderinga for overordna økonomi hadde kommunen negativt netto driftsresultat i 2019, tilfredsstillande frie driftsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet. Stryn har ikkje



fått skjønnsmidlar dei siste åra, men etter ei heilskapleg vurdering av kommunen og mellom tilsvarande kommunar i Vestland, får kommunen midlar i 2021.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør